

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN**  
**nr. 107/2013**

2013/EØS/67/06

av 14. juni 2013

**om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla "EØS-avtala", særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Kommisjonenens gjennomføringsdirektiv 2012/37/EU av 22. november 2012 om endring av visse vedlegg til rådsdirektiv 66/401/EØF og 66/402/EØF med hensyn til de vilkår som frø fra *Galega orientalis* Lam. skal oppfylle, den største tillatte vekten til et frøparti fra visse fôrvekstarter og prøvestørrelse for *Sorghum* spp.<sup>(1)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Kommisjonenens gjennomføringsdirektiv 2012/44/EF av 26. november 2012 om endring av direktiv 2003/90/EF og 2003/91/EF om fastsetjing av gjennomføringstiltak for artikkel 7 i rådsdirektiv 2002/53/EF og 2002/55/EF med omsyn til kva eigenskapar som minst skal omfattast av og kva minstekrav som skal gjelde for gransking av visse sortar av jordbruksvekstar og grønsaker<sup>(2)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 3) Denne avgjerda gjeld føresegner om plantesanitære tilhøve. Føresegner om plantesanitære tilhøve skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 4) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I kapittel III del 1 i vedlegg I til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I nr. 2 (rådsdirektiv 66/401/EØF) og 3 (rådsdirektiv 66/402/EØF) skal nytt strekpunkt lyde:  
"– **32012 L 0037**: Kommisjonenens gjennomføringsdirektiv 2012/37/EU av 22. november 2012 (EUT L 325 av 23.11.2012, s. 13)."
2. I nr. 14 (kommisjonsdirektiv 2003/90/EF) og 15 (kommisjonsdirektiv 2003/91/EF) skal nytt strekpunkt lyde:  
"– **32012 L 0044**: Kommisjonenens gjennomføringsdirektiv 2012/44/EF av 26. november 2012 (EUT L 327 av 27.11.2012, s. 37)."

*Artikkel 2*

Teksta til direktiv 2012/37/EU og 2012/44/EU på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

*Artikkel 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 15. juni 2013, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala(\*).

<sup>(1)</sup> TEU L 325 av 23.11.2012, s. 13.

<sup>(2)</sup> TEU L 327 av 27.11.2012, s. 37.

(\*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

*Artikkel 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel, 14. juni 2013.

For EØS-komiteen

***Gianluca Grippa***

Formann